



Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8192-3

Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget viser til vedtak i sak 49/14 der kommunane Gaular og Fjaler har fått høve til å forskottere planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet innanfor ei ramme på 2 mill. kr.
2. Fylkestinget imøtekjem ikkje søknaden frå Gaular og Fjaler om å forskotere ytterlegare 1,5 mill. kr. Ev. kostnader ut over nemnde forskotteringsramme må dekkast av kommunane sjølve.

Vedlegg:

Søknad frå kommunane Fjaler og Gaular om utvida løyve til forskottering av planmidlar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I 2014 sökte kommunane Fjaler og Gaular om løyve til å forskottere planleggingsmidlar til utbetring av fylkesveg 57 mellom Dale og Storehaug. Søknaden stetta ikkje krava etter fylkestinget sine retningsliner om forskottering og administrasjonen tilrådde avslag. Fylkestinget gjorde likevel vedtak i sak 49/14 om å imøtekome søknaden innanfor ei ramme på 2 mill. kr.

I brev av 26.10. 2015 opplyser ordførarane i Gaular og Fjaler at anboda som er komne inn på planleggingsarbeidet vil koste nær 3,5 mill. for heile strekninga. På bakgrunn av dette søker dei to kommunane om ytterlegare 1,5 mill. kr til planlegging.

Historikk - tidlegare vedtak

I møte den 09.12.2014, sak 49/14, gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

«Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil ein gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.»

Sentrale problemstillingar

Prosjektet på fv. 57 mellom Nishammaren og Storehaug med bru over Svesundet ligg inne på planleggingsprogrammet for perioden 2014 – 17. Utarbeiding av kommunedelplan er ikkje inne i planprogrammet i planperioden 2014 – 17.

Søknad om forskottering av investeringar og planlegging på fylkesvegnettet skal handsamast etter reglane for forskottering vedtekne av fylkestinget, men fylkestinget kan sjølv fråvike desse retningslinene slik det vart gjort i FT-sak 49/14. Når det gjeld forskottering av planmidlar, er det eit krav i retningslinene at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fylkestinget har gitt løyve til forskottering av planmidlar til fv 57 Dale – Storehaug med bru over Svesundet innafor ei ramme på inntil 2 mill. kr. Etter at planarbeidet har vore ute på anbod, viser det seg at kostnadane no kjem på nærmere 3,5 mill. kr.

I økonomiplanperioden 2016 – 2019 er det sett av kr 800.000,- til planlegging for kvart av åra 2018 og 2019. Det er sett av midlar til å utarbeide forprosjekt på Ytre Steinsund. I perioden kan det vere behov for meir midlar til vidare planlegging på dette prosjektet. I tillegg er det sett i gong ei større utgreiing på Kystvegen, som kan ha behov for meir planleggingsmidlar. Behovet for planmidlar er stort, men rammene til planlegging er små. Dersom Gauldal og Fjaler skal få auka opp ramma til forskottering til 3,5 mill. kr, må løyvingane til planlegging aukast tilsvارande eller det må skje på kostnad av andre planleggingsoppgåver. Kva planoppgåver dette vil dreie seg om, må vi kome attende til i eiga sak om framtidig fordeling av planmidlar.

Plankonsekvensar

I planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2014 – 2017 er det ikkje lagt opp til utarbeiding av kommunedelplan på fv. 57 mellom Dale og Storehaug. I Statens vegvesen si utgreiing frå 2011 er det vist til ulike løysingar. Det kan vere behov for utarbeiding av kommunedelplanar for å avklare val av vegtrase og løysingar for utbetring av vegen. Her kan det m.a. vere snakk om tunnelløysing eller veg i dagen på delar av strekninga.

3. Konklusjon

Fylkestinget har i sak 49/14 gitt løyve til at Fjaler og Gauldal kommune får forskottere planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021. Dersom ramma til forskottering vert auka opp til 3,5 mill. kr, vil dette gå på kostnad av anna planarbeid som er starta opp eller som skal startast opp i perioden. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at søknaden frå Fjaler og Gauldal ikkje vert imøtekommen.